

## UKM 03/20 Val

På ungdommens kyrkjemøte skal det være fleire val. Innstilling frå Valkomiteen vil leggjast fram for UKM under møte. Valkomiteen som ble valt på UKM 2019 har vært

Kjersti Jåvold Landmark, leiar.

Oda Mortensen, medlem

Einar Østerhagen, UFUNG representant.

### Informasjon frå valkomiteen

Ønsker du å stille til val, eller ønsker du å nominere en kandidat?

Fristen for å stille til val er søndag 4.oktober klokken 10:00.

Ta kontakt med valkomiteens leder –

Kjersti Jåvold Landmark / 98467356/ kjerstijlandmark(a)hotmail.com

Valgkomiteen gjør oppmerksom på at kandidatar må være spurt på forhånd.

Kun kandidatar som er delegatar på UKM 2020 kan stille til val.

Under presenterast de val som UKM 2020 må gjere:

## Val av tre representantar til Kyrkjemøtet i 2020

Kyrkjemøtet er det øvste representative organet i kyrkja og blir av somme kalla kyrkjas

«Storting». UKM sender fire representantar til å delta på Kyrkjemøtet i Trondheim

14.04-20.04.2021. UKM-delegatane møtast dagen før Kyrkjemøtet startar.

Ein av desse fire representantane er, i samsvar med statuttar for UKM, leiar av Utval for ungdomsspørsmål, som veljast for seg. Dei tre andre skal veljast i dette valet.

Val av tre representantar frå UKM til Kyrkjemøtet 2021:

Val av ein vara:

## Val av Utval for ungdomsspørsmål

Utval for ungdomsspørsmål (Ufung) er eit rådgivande organ for sekretariatet i Kyrkjerådet og spesielt for ungdomsrådgivaren i Kyrkjerådet. Ufung skal arbeide med saker som vedkjem ungdom i Den norske kyrkja nasjonalt og internasjonalt, og har eit spesielt ansvar i planlegginga og gjennomføringa av Ungdommens kyrkjemøte.

Etter vedtak av nye statuttar for Ungdommens kyrkjemøte og Utval for ungdomsspørsmål på Kyrkjerådets møte i september 2018, skal Ufung bestå av leiar, fem ordinære medlemmer og to medlemmer vald på bakgrunn av særleg kompetanse.

I løpet av året har Ufung 6–8 møtedagar, og møta blir normalt haldne på kvardagar i Kirkens hus i Oslo. I tillegg til dette har Ufung kvart år ei sentral rolle under UKM, som varer 4–5 dagar. Ein må vere budd på å setje av om lag 10 dagar årleg til dette pluss litt tid til førebuing. Reisekostnader vil sjølvsagt bli dekte.

## Val av leiar for Utval for ungdomsspørsmål

Ungdommens kyrkjemøte vel ved særskilt avstemming leiar av Utval for ungdomsspørsmål bland delegatane på Ungdommens kyrkjemøte, for en periode på to år. Den som blir vald som leiar av utvalet, møter som representant med tale- og forslagsrett i Kyrkjerådet og





Kyrkjemøtet. Utval for ungdomsspørsmål nemner sjølv opp ein vararepresentant frå utvalet som møter i Kyrkjerådet og Kyrkjemøtet om leiaren har forfall.

Val på leiar av Utval for ungdomsspørsmål:

## Val av ordinære medlemmer til Utval for ungdomsspørsmål

Ungdommens kyrkjemøte vel ytterlegare fem ordinære medlemmer til Utval for ungdomsspørsmål blant delegatane i Ungdommens kyrkjemøte. Medlemmene av Utval for ungdomsspørsmål blir vald for to år, slik at halve utvalet er på val kvart år. I år skal det veljast to ordinære medlemmer. Det skal og veljast ein vara til vervet.

Det skal veljast to medlemmer i 2020:

## Val av medlem på bakgrunn av særleg kompetanse til Utval for ungdomsspørsmål

Ungdommens kyrkjemøte vel ytterligare to medlemmer på bakgrunn av særleg kompetanse til Utval for ungdomsspørsmål. Desse medlemmene treng ikkje være blant delegatane til Ungdommens kyrkjemøte. Medlemmene av Utval for ungdomsspørsmål blir vald for to år, slik at halve utvalet er på val kvart år. I år skal det veljast eit medlem for to år på bakgrunn av særleg kompetanse. Det må og veljast ein vararepresentant for eitt år.

Det skal veljast

Eit medlem for to år:

Vara for eitt år:

## Valkomiteen

Valkomiteen til Ungdommens Kyrkjemøte 2021 har ansvar for å skaffe kandidatar til vala som skal skje der. Til somme val skal dei også levere ei innstilling, altså ei liste med prioriterte kandidatar i rekkefølge. Dei som skal sitje i valkomiteen kan ikkje stille til val på neste års Ungdommens kyrkjemøte, korkje som kandidat til leiar av Utval for ungdomsspørsmål, medlem av same utval eller representant til Kyrkjemøtet 2021. Det er høve til å ta attval til valkomiteen.

Valkomiteen til Ungdommens kyrkjemøte 2021 består av tre personar. Ein blir oppnemnd av Utval for ungdomsspørsmål, blant medlemmene i utvalet. Ungdommens kyrkjemøte vel ytterlegare to medlemmer til valkomiteen.

Det skal veljast

To representantar til valkomiteen for eitt år:

